

Oslo, 15. september 2014

Vår ref.: Irk
Dykkar ref.: 14/2020-

Helse- og omsorgsdepartementet
Postboks 8011 Dep
0032 OSLO

Høyringsvar frå Unge funksjonshemmede: FRITT BEHANDLINGSVAL

Vi viser til høyringsbrev av 16. juni 2014, lagt ut på nettsidene til departementet.

Unge funksjonshemmede viser til høyringsvar frå Funksjonshemmedes fellesorganisasjon (FFO), og sluttar oss til hovudsynspunkta som går fram av dette.

Unge funksjonshemmede vil i tillegg minne om at ungdomsperspektiv må med i alle faser av planlegging og implementering av fritt behandlingsval. Vi vil særleg streke under at retten til skolegang under behandling og rehabilitering må sikrast, også når ein vel behandling i regi av private eller ideelle aktørar. Spesielt viktig vil det også vere med tilpassa informasjon til unge brukarar, og mekanismar som sikrer at informasjonen når fram til den enkelte og eventuelt føresette for brukarar under 18 år.

Med helsing
UNGE FUNKSJONSHEMMEDE

Simen Brændhaugen (s)
styreleiar



Lars Rottem Krangnes
generalsekretær

